

Hei, alle glade songarar!

På søndag møtest vi for å syngje for kvarandre, og for alle andre som finn vegen til St. Markus kirke. Kyrkja er stor og har ein fantastisk akustikk, så dette blir moro.

Bergen Mannskor har påtatt seg jobben med å vere vertskor for konserten, og difor sender eg nokre praktiske opplysningar.

Det er Norges Korforbund Hordaland som er arrangør, og som har sett opp køyreplanen, både når det gjeld tider til oppvarming/lydprøvar, og rekkefølga på kora under konserten. Korforbundet trykkjer også opp eit program. Der står det kva vi skal syngje. Dersom de har gjort endringar i repertoaret eller rekkefølga, må eg få vite det før konserten, slik at vi kan opplyse om det. Vi reserverer plassar til kvart kor i kyrkja.

Det er viktig å vere merksam på at det er svært få parkeringsplassar på kyrkja sitt område. I teorien kan ein parkere i gatene rundt, men det er vanskeleg å finne plassar, fordi dei er opptatt av bebuarane. Der det er godt med parkeringsplassar, er i Solheimsviken, bortanfor legevakten. Derifrå er det 10-15 min. å gå opp til kyrkja. Å parkera på andre sida av Puddefjorden, t.d. ved Vil Vite-senteret, og så gå over "Småpudden", er også eit alternativ. Det greiaste og rimelegaste kan likevel vere offentleg transport. T.d. går buss nr. 13 frå Festplassen, om Danmarks plass og ut Michael Krohns gt., og stoppar rett nedanfor kyrkja. Enkelt.

Så til det viktigaste. Sidan denne konserten er midt i beste middagstida, ser Bergen Mannskor det som si oppgåve å sjå til at de får noko i skrotten før konserten. Vi kjem til å selje ei suppe til dei som vil ha det, og dessutan kaker/bollar/vaflar og kaffi/te. Alt til svært konkurransedyktige prisar! De kan betale med kontantar eller Vipps.

Til slutt minner eg om at det som vanleg er innsamling til eit godt formål etter konserten. I år går pengane til Kirkens Bymisjon. Når så langt kjem er det viktig at de ikkje har brukt opp alle pengane på bollar, her må de ha kontantar.

Då snakkast vi på søndag.

Audun Sjøstand
Formann, Bergen Mannskor

	St. Markus kirke - kl. 18
øvingstid i kirken:	
16.15 - 16.25	Bergen Mannskor
16.25 - 16.35	SAFIR bl.kor.
16.35 - 16.45	Korall
16.45 - 16.55	Konsonans
17.00 - 17.10	Ole Bull Kammerkor
17.10 - 17.20	Osterøykoret
17.20 - 17.30	Songlaget Alvidt/Manger
konserterekkefølge:	
	1. Konsonans
	2. Songlaget Alvidt/Manger
	3. Osterøykoret
	4. SAFIR bl.kor.
	5. Bergen Mannskor
	6. Korall
	7. Ole Bull Kammerkor